

MODALEN KOMMUNE  
Postboks 44  
5732 MODALEN



## Saksbehandlar: Gudrun Einbu

Vår ref.: 2022/47163-15 Dykkar ref.: Bergen, 04.04.2023

## Hovudlinjenett for kollektivtransporten i Vestland - invitasjon til å gje innspel

Skyss er i gang med ein arbeid for å peike ut eit hovudlinjenett for kollektivtransporten i Vestland. Hovudlinjene utgjer ryggrada i kollektivnettverket utanfor byområda, og skal bidra til å binde fylket saman med eit rutetilbod som gir innbyggjarane moglegheit til å nå viktige funksjonar og tenestetilbod. No ønsker vi innspel frå kommunane til eit utkast til hovudlinjenett.

## Om mottakarkommunane

Alle kommunane i Vestland, utanom Bergen, Askøy og Øygarden kommune, er mottakarar av dette brevet – men det er ikkje like relevant for alle:

- Linjenettet i Bergensområdet/byområdet er ikkje tema i denne utgreiinga, og blir arbeidd med i andre prosessar.
  - For kommunane i tidlegare Hordaland bygger dette arbeidet på tidlegare arbeid knytt til «Hovudstruktur for linjenettet i Hordaland», knytt til regional transportplan for Hordaland frå 2018. Dei tidlegare utpeikte hovudlinjene er vidareførde.
  - For kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane er dette arbeidet nytt, og viktig spesielt for vidare avklaringar knytt til dei kommersielle bussrutene på mange av strekningane.

## Kvifor hovudlinienett?

Å definere eit hovudlinjenett er eit strategisk grep for å nytte tilgjengelege ressursar til kollektivtrafikken på best mogleg måte, for å dekkje innbyggjarane sine reisebehov.

Meir konkret handlar det om å sikre:



- Eit grunnlag for prioritering av ressursar til kollektivtrafikk som ligg fast over tid
- Ei heilskapleg utvikling av rutetilbodet med utgangspunkt i kunde- og marknadsbehov, for å hente ut potensialet for passasjervekst og dekke behova til flest mogleg reisande
- Ei systematisk utvikling av rutetilbodet basert på etablerte prinsipp for utvikling av kollektivnettverk, gjere tilboden enklare og sikre likeverdig handsaming av tilsvarende område
- Godt grunnlag for prioritering av infrastrukturtiltak for kollektivtrafikken, mellom anna gode knutepunkt for hovudlinjene.

Arbeidet med hovudlinjenett vil utgjere grunnlag for avklaring av fylkeskommunen si rolle når det gjeld det kommersielle busstilbodet (t.d. NOR-WAY Bussekspres, Vy express). Arbeidet skal danne eit strategisk grunnlag for å prioritere ressursar til kollektivtilbodet i åra framover. Konkrete prioriteringar vil skje i dei faste prosessane for ruteendringar. Konkrete tiltak for å styrke det faktiske rutetilbodet på ulike strekningar vil trenge ny finansiering.

#### **Om framlegget til hovudlinjenett**

I kartet er hovudlinjene for buss markerte som raude strekar. Dette vil saman med togtilbodet og regionale båtruter (i blått) utgjere hovudlinjenettet. Meir om metodikk, faktagrunnlag og analysane som dannar grunnlag for kartet, ligg i vedlagde rapport.

Kartet viser også lokale linjer til kommunesenter og tettstader i grønt. Dei grøne linjene er ikkje fokus for dette arbeidet, men er med for å vise korleis kommunesenter kan vere kopla til hovudlinjenettet. Dei svarte strekane viser strekningar som i dag er køyrd av kommersielle tilbydarar, men som ikkje er peikt på som hovudlinjer i Vestland.

Framstillinga av hovudlinjene i kartet vil bli arbeidd med, saman med innspel til prioriteringane frå kommunane.



### Frist for innspel

Dersom kommunen har innspel til framlegget, ber vi om tilbakemelding seinast innan 22. mai. Ta kontakt dersom det er spørsmål til arbeidet eller prosessen.

Etter at innspel er vurdert, skal tilrådingar for hovudlinjenettet leggast fram til politisk handsaming.



Med vennleg helsing,

Målfred Vik Sønstabø  
direktør

Gudrun Einbu  
leiar transporttilbod

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*